

12 år lang prosess for Ospelunden

05.10.2012



BYGDABREV

FOR USKEDALEN




Anno: V/ utgåve: 4

Utgjevar: USKEDALEN UTVIKLING

September 2000

Ospelund byggjefelt



Det blir namnet på det nye byggjefeltet på oversida av Korsneset i Uskedalen. Det er eit lokalt stadnamn som er teke i bruk. I alt 9 grunneigarar er einige om å byggje ut dette feltet på ca. 130 mål. Totalt kan det bli rundt 65 tomter. Kor stor del som blir bygd ut er avhengig av kor mange som er interesserte i å byggje. Det er naturleg at feltet blir bygd ut trinn for trinn. Ein tar sikte på ein privat reguleringsplan, vidare må feltet godkjennast i den nye kommunedelplanen. Så håper med på at all massen som er deponert, etterkvart blir fjerna.

Ny vassledning er lagt fram til feltet, kloakkledning er dimensjonert for å dekke heile feltet.

På sikt er det ønskeleg å integrere det nye feltet i Korsneset. Kanskje kan vi få til ein undergang under hovudvegen.

Dei som går med byggeplanar, eller har spørsmål, kan vende seg til Bård Steinkjer i Uskedalen Utvikling.

Bygdabrevet utgjeve i september 2000

Uskedalens største bustadfelt Ospelunden står truleg framfor utbyggjing. Men det har vore ein langdryg prosess av ymse grunnar. Faktisk har han teke 12 år, det vert vi mint om når vi les Bygdabrev for Uskedalen utgjeve i september 2000 av Uskedalen Utvikling.

Skriftet kunngjer som oppslag at Ospelund (utan en i slutten, red.merknad) blir namnet og at det er eit lokalt stadnamn som er teke i bruk. Vidare vert det opplyst at 9 grunneigarar er einige om å byggja ut feltet på 130 mål og at det totalt kan bli rundt 65 tomtar

Vidare står det mellom anna å lesa at det er naturleg at feltet blir bygd ut trinn for trinn, at det tas sikte på ein privat reguleringsplan, at ny vassleidning er lagt fram og at kloakkleidningen er dimensjonert for å dekkja heile feltet.

Det blir og opplyst at det på sikt er ønskjeleg å integrere feltet i Korsneset. Kanskje kan ein få til ein undergang under hovudvegen, står det. Artikkelen sluttar med å opplysa at dei som går med byggjeplanar eller har spørsmål kan vende seg til Bård Steinkjer i Uskedalen Utvikling.

Bygdabrevet er i det heile interessant lesnad og det er særleg interessant å sjå kor mykje som kan endra seg på berre 12 år. Ikkje minst annonsane fortel om det. Vi kan til dømes registrera at Nilsen Handel var ein Joker-butikk, at Uskedalen hadde solsenter og at Røssland Elektroservice kunne reparera det meste.

Heio Cup var avvikla for første gong, og ungdomslaget hadde motvind, Men til tross for motvinden planla dei ein god, gammaldags haustfest med skodespel, matøkt og eit populært danseband som heitte ViTo. Redaktørar for bladet var forresten Arne Rød og Kjell Magne Haugland.

Av Ola Matti Mathisen